



# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 3 • Juni 2018 • 51. ÅRGANG



*Då Krølle  
gjekk seg bort*



**Kordirigent og konfirmant-  
medarbeidar** Side 2



**Møt vår nye prest**  
Side 3



**Til kyrkjest i veteranbåt**  
Side 6-8

# Med hjarte for song

– Eg er glad for det musikalske miljøet i Ytre Arna kyrkje; at det me gjer, vert sett pris på, seier Anita Brattaule Frekhaug.

AV INGVAR FLØYSVIK

Alle som har vore innom Ytre Arna kyrkje dei siste åra, vil ha sett Anita Brattaule Frekhaug. Ho har dirigert Ytre Arna barnevokal sidan 2012, er styreleiar for Ytre Arna vokal og er dessutan forsongar på dei fleste gudstenestene.

I vinter har ho vore med i konfirmantarbeidet, vore vikar for trusopplæraren og i to-tre gudstenester endå til vikariert for kantoren. I tillegg er ho vararepresentant til soknerådet.

Anita Brattaule Frekhaug er gift og har tre vaksne søner. Det første barnebarnet vart døypt i Ytre Arna kyrkje i slutten av april! Ho bur på Tertnes, er klassisk songar av utdanning, syng i Ytre Arna vokal og Ole Bulls kammerkor og dirigerar Bergen Skipperforenings shantykor.

## Eit liv med song og musikk

– Eg har alltid vore glad i song og musikk, fortel Anita, som har vore leiar for fleire kor opp gjennom åra.

Då ho budde i USA, var ho forsongar i Open Bible Church i Rapid City, South Dakota. Anita var opphavleg pinseven, men melde seg inn i Den norske kyrkja ein gong ho vart spurd om å vera fadder. Ho var med i forsongarteneste i Eidsvåg kyrkje i fleire år, før ho kom til Ytre Arna.

– Ei som var med i kyrkjelyden her, visste at eg hadde lyst å starta eit barnekor. Administrasjonsleiar Benthe fekk høyra det og ringde, fortel ho.

Slik kom Ytre Arna barnevokal i gang, eit kor for born frå sju år og oppover. Det kjem 10-14 på kvar øving.

– Borna er glade i å syngja solo. Difor brukar eg så mange solistar som eg kan. Det er viktig at alle føler seg velkomne, at dei vert hørde.

Repertoaret er variert. No i vår fekk koret ein song skriven av presten, med mange vers og litt annleis enn dei koret vanlegvis øver på.

– Eg var usikker på korleis eg skulle gripa det an, men medlemmene vart ivrig og ville få det til. Dei øvd veldig og nynna på songen når dei gjekk ut. Og 1. mai song me han offentleg!

## Fekk fleire oppgåver

Gjennom arbeidet med barnekoret vart Anita kjend med det som elles føregjekk i kyrkjelyden. Hausten 2014 starta kantor Bjørn Ytre Arna vokal, og her vart Anita med. Ho skildrar eit kor med gode stemmer og godt miljø. Koret syng både salmar, folketonar og litt pop. Her trivst Anita godt og synest



**GOD ATMOSFÆRE I YTRE ARNA:** – Kyrkja her har eit godt miljø, og ikkje så mange å forhalda seg til som i ei stor kyrkje, seier Anita Brattaule Frekhaug. (Foto: Privat)

det er kjekt å vera med. Koret skal ha sommarkonsert onsdag 20. juni kl. 20.00. Då håpar Anita på fullt hus.

Seinhaustes i fjor kom Anita inn som vikar for trusopplæraren. I år hadde kyrkjelyden eit ekstra stort konfirmantkull, og noko av arbeider hennar vart å vera med i konfirmantarbeidet. Ho vart med vidare òg etter at trusopplæraren kom tilbake.

– Det er kjekt å jobba med ungdomar, seier Anita.

– Eg ønskjer å formidla at kyrkja er ein god stad å vera. Det er viktig at me som jobbar med ungdom, er opne og ærlege, at dei kan snakka med oss òg utanom undervisninga, om det trengst. Konfirmasjonsåret skal vera ei god tid, det er viktig med positive vaksne leiarar som kan sjå dei og vera der for dei. Viss det trengst, vil eg gjerne vera med til hausten òg.

# Sosial, samfunnsengasjert og sportsinteressert

**Marthe Kristine Østerud Bjerke er ansatt som ny prest i Arna og Osterøy. 24. juni vil hun i Arna kirke bli ordinert til prest av biskop Halvor Nordhaug. Hun starter i tjenesten rundt 1. august.**

TEKST OG FOTO: AUDUN STØLÅS



**NY PREST:** – Jeg har elsket å studere teologi, og kommer nok til å savne mine venner på Misjonshøgskolen. Men nå gleder jeg meg veldig til å begynne å jobbe som prest i Arna og Osterøy, sier Marthe Kristine Østerud Bjerke.

25-åringen er fra Bryn i Oslo, der hun etter egne ord hadde en «god og trygg oppvekst». De siste sju årene har hun bodd i Stavanger. Der har hun studert teologi ved det som før het Misjonshøgskolen og som nå er en del av VID vitenskapelige høgskole. Et halvt år av studiet tok hun i Tyskland.

– Jeg gleder meg nå til å bli ordentlig prest, sier Marthe med et smil. Det er jo slik at alle kristne er prester for Gud. Likevel føler jeg det slik at ordinasjonen er noe jeg kan lene meg på i tjenesten. Den slår fast at jeg er kalt av Gud, kirken og menigheten til tjenesten.

Marthe sier at hun egentlig ikke har noen tilknytning til Arna og Osterøy fra før. Men for fem-seks år siden gikk hun på Acta bibelskole i Stavanger. Da ble hun med i et team som var to uker i Arna Misjonsmenighet. Det var selve utlysningsteksten på stillingen som fanget henne. Der stod det at hun skal arbeide med ungdom og utføre vanlig prestetjeneste. Marthe liker begge deler.

– Det er viktig for kirken å ha gode tilbud også til de yngre, i aldersgruppen fra 16 til 30 år. Etter konfirmasjonen faller denne gruppen ut av fingrene på oss, sier hun.

Ved siden av teologistudiet har hun vært frivillig i flere menigheter i Stavanger, den første tiden mest i IMI-kirken, som er knyttet til Normisjon. Gjennom Misjonshøgskolen har hun fått grundig inn det globale perspektiv på kirkens virksomhet.

– Vi må evne å se ut over vår egen nesetipp, sier hun.

– I dag er også Norge en misjonsmark. Derfor må vi ta på alvor å forkynne evangeliet i ord og handling også her. Vi må vise at det kristne budskapet er relevant for deres liv.

Marthe betegner seg selv som veldig sosial, som en som liker å prate, som prater mye og som liker å henge med venner. Hun er også meget samfunnsengasjert, og har i de siste årene blitt mer og mer engasjert i politisk arbeid. Hun synes at det er viktig at kristne engasjerer seg i politikk, organisasjonsliv og i samfunnet generelt.

Marthe er også veldig sportsinteressert. Om vinteren er det langrenn og hopp hun følger med på, og om sommeren er det fotball. Hun kommer fra en familie som er tilhengere av Lillestrøm. Selv har hun også spilt mye fotball, og holder seg i form ved å løpe.

*24. juni kl. 11 er det duka for fest med kyrkjekaffi i Arna kyrkje. Biskop Halvor Nordhaug skal då ordinera tre kandidatar til presteteneste: Marthe Kristine Østerud Bjerke skal ordinerast til teneste i Arna (50%) og Osterøy (50%). Hans-Christian Küspert og Aage Mjeldheim skal ordinerast saman med henne. Dei skal gjera vikarteneste i Åsane og Osterøy.*

## Sommar i Arna kyrkjelyd

### Spesielle hendingar i Arna kyrkjelyd framover

- Onsdag 13. juni kl. 19.00: Klubb-gudsteneste, open for alle
- Søndag 24. juni kl. 11.00: Gudsteneste med ordinasjon. Kaffi og kaker i kyrkjelydshuset etterpå.
- 5. august kl. 11.00: Festgudsteneste i Hamre kyrkje i samband med Kystsogevekene, felles for heile prostiet.
- 25. august kl. 12-15: Laurdagsgraut med meir i kyrkjelydshuset.
- 26. august kl. 11.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon.
- 2. september kl. 11.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon.
- 16. september kl. 11.00: Skulestartgudsteneste for 6-åringar.
- 14. september kl. 19-23: TGIF / Friday Gospel (kl. 21) i Arna.
- 22. september kl. 12-15: Laurdagsgraut med meir i kyrkjelydshuset.
- 30. september: Basar for kyrkjelydshuset

### Faste aktivitetar

- Babysong har ferie som skulen. Oppstart 23. august kl. 10.30-12.00 på loftet i kyrkjelydshuset. Song og aktivitetar for dei små, frukt og kaffi/te til foreldra etterpå. Kr. 20,- kvar gong. Vognparkering i kjellaren ved kontora.
- Sakkeus open barnehage har stengt i skuleferien. Oppstart mandag 20. august kl. 9-15 i kyrkjelydshuset, Lakslia 21. Songstund kl. 11, og deretter matpakke-lunsj. Tilbodet er gratis, og det er ingen påmelding. Følg oss på Facebook.
- Søndagsskulen i Arna kyrkje har grupper for alle aldrar: Gulliver-gjengen, Tårnagentklubben og Tweens. Sjå heimesida vår for datoar.
- Bønesamlingar i kyrkjelydshuset kvar tysdag kl. 10-11.
- Klubben for funksjonshemma treffest i kyrkestova onsdagar kl. 18-20. Hobbyaktivitetar, spel, song og måltid. Ein gong i månaden er det klubbgudsteneste i kyrkja, den er open for alle som vil delta. Nye medlemer er velkomne! Klubben har stengt i skulen sine feriar. Oppstart onsdag 22. august.

Følg Arna kyrkjelyd på [arnakyrkje.no](http://arnakyrkje.no) og Facebook

## Kjenner du nokon som skal byrje i 1. klasse ?!

**Søndag 16. september kl.11** er dei særskilt velkommen til familiegudsteneste i Arna kyrkje. Borna kan få vere med å gå inn i prosesjon med skulesekk på ryggen i byrjinga av gudstenesta. Vi syng barnesongar og hører ei historie frå bibelen. 1.klassingene skal få sin eigen barnebibel. Etter gudstenesta er det kyrkjekaffi.

Vi øver på prosesjon kl.10.40.



## Konfirmasjon i Arna kyrkje 2019?

Nå er invitasjon til konfirmanttiden i Arna kyrkje sendt til de som er født i 2004. Dersom du er døpt eller hvis en av foreldrene dine er det, kommer det brev til deg. Skulle du likevel ikke få brevet i posten, ber vi deg kontakte Kyrkjekontoret, så sender vi deg det du trenger.

Send epost til kateket Cathrine Snipsøy: cs262@kirken.no Torsdag 31. mai kl. 1730 er det informasjonsmøte i Arna kyrkje.

**Vel møtt!**

**Velkommen til**  
**Ytre Arna**  
**vokal**  
**Midtsommerkonsert**  
**onsdag 20. juni 2018**  
**kl 20:00**  
**i Ytre Arna kyrkje**  
Bill. Pris: 100,-

## Temagudstenester i Arna kyrkje

**Vent store ting av Gud - våg store ting for Gud:**  
Fire draumar om Arna kyrkjelyd:

- 9. september: Ein inviterande kyrkjelyd.
- 14. oktober: Ein sjåande kyrkjelyd.
- 11. november: Ein kyrkjelyd der ord og handling er eitt.
- 9. desember: Ein kyrkjelyd som ventar store ting av Gud, og vågar store ting for Gud.

Det vil bli utarbeidd eige samtaleopplegg til kvart tema.

## Kyrkjemiddag for dei frivillige

Velkommen til gudsteneste i Ytre Arna kyrkje søndag 17. juni kl. 11. Tale v/prost Øystein Skauge. Ytre Arna Vokal deltek. Alle frivillige medarbeidarar er hjarteleg velkomne til middag i kyrkjelydshuset etter gudstenesta. Påmelding: mail bv467@kirken.no eller telefon 55362273 innan onsdag 13. juni.

**Helsing Ytre Arna sokneråd**

## Ungdomsgruppe i Arna kyrkje

I januar starta Arna kyrkjelyd opp ungdomsgruppe. Me er ein god gjeng som har vore samla annankvar onsdag – til andakt, god mat, spel og leikar. Dette er ein god stad å vera.

Me startar opp igjen onsdag 29. august kl. 19 på loftet i Kyrkjelydshuset. Er du 14 år eller eldre, så er dette staden for deg.

## NYHET!

Bli med inn  
i Arna kyrkje

Med Jarle Waldemar, Konrad, Sofie og Lenny.

DVD til salgs for  
**150,-**  
inkl. streaming



**Abbedissen**  
begravelsesbyrå as

Fyllingsdalen Døgnvakt 55 15 40 90  
Åsane Døgnvakt 55 25 31 00

TILLITEN TIL OSS VIL BLI GODT IVARETATT

[www.abbedissen.no](http://www.abbedissen.no)

**ADVOKATGRUPPEN BERGEN**

- Arv/gaver • Familie • Ektepakter • Samliv
- Kontrakter • Kjøp/salg • Trafikk- og transportrett.

15 prosent rabatt til nye klienter fra Arna, Åsane og Osterøy! Hjemmebesøk mulig.

Sandviksboden 1H-Slaktehuset, 5035 Bergen • Telefon: 920 41950  
E-post: bernhard.hauge@agbergen.no • [www.agbergen.no](http://www.agbergen.no)

**Åsane**  
**Begravelsesbyrå**

✓/ Johannes R. Blom

**55 18 90 00** Døgnvakt

E-post: [aasane-b@online.no](mailto:aasane-b@online.no)  
TERTNESVEIEN 99 (Hildes Blomster AS)

**Bergen & Omegn**  
BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

<b>AVD. BERGEN</b> Teatergt. 20 5010 Bergen Tlf: 55 21 44 50	<b>AVD. SOTRA</b> 2.etg på Shellstasjonen Sæter, 5353 Straume Tlf: 55 21 44 50
---	---

Åsane Senter Kilden Senter Oasen Senter Sletten Senter

Alltid en anledning!  
TOPPE BLOMSTER - fra hjerte til hjerte

[www.toppeblomster.no](http://www.toppeblomster.no) Tlf: 55 18 03 00

**Arna**  
GRAVFERDSBYRÅ

Ragnhild Th. Kristing  
Marit I. Hope  
Torstein A. Jenssen

Døgnvakt 55 24 08 08  
[www.arna-gravferdsbyra.no](http://www.arna-gravferdsbyra.no)  
Lakslia 13 • 5261 Indre Arna

**Begravelsesbyrået for byen og distriktet**

**Solstrands**  
Begravelsesbyrå as  
[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)  
[post@solstrands.no](mailto:post@solstrands.no)

**DØGNVAKT • 55 55 16 16**

Vår erfaring – din trygghet

Medlem av  
**VIRKE GRAVFERD**

**Dåp, konfirmasjon eller bryllup?**

Vi har det du trenger for å dekke ditt nydelige festbord!

Stort og unikt utvalg i norske håndlagde lys, servietter, løpere, lysestaker, skåler, silkeblomster, bordkort m.m.

Fjøsangerveien 207  
55 31 80 01

**Løiten Lys Bergen**

[www.loiten-lys-bergen.no](http://www.loiten-lys-bergen.no)

**XL BYGG** **ADOLF JAHNSEN**

Fagerdalen 4, 5039 Bergen, Tlf 55 33 36 00  
[www.adja.no](http://www.adja.no) e-post: [post@adja.no](mailto:post@adja.no)

En annonse i menighetsbladet når de fleste husstander i Osterøy, Biskopshavn og bydelene Åsane og Arna.  
For annonsering - kontakt Torill Hatlebrekke Husebø på

**M: 99550787**  
**epost: thh@bkkfiber.no**

# Kyrkjeferd i veteranbåtar



**KLAR FOR KYRKJEFERD:** M/S Vestgar, som er ein av dei tre veteranbåtane som skal frakta folk til Hamre kyrkje, er ein tidlegare langrutebåt for Øygarden som i ein periode blei brukt som misjonsbåt for pinseørsla – under namnet Fredsbudet.

(Foto: Andrew Abbott / Creative Commons)

Søndag 5. august vil det gå tre veteranbåtar fra Bergen til Hamre kyrkje, der det, i samarbeid med Kystsogevekene, vert halde festgudsteneste for heile Åsane prosti.

---

TEKST OG FOTO: MAGNE FONN HAFSKOR

---

Veteranbåtane MS Vestgar, MS Atløy og MS Granvin vil gå fra Bergen om morgonen, med stopp i Biskopshavn, Eidsvåg, Salhus, Frekhaug og Steinestø, og med retur etter gudsstenesta. Folk vert oppfordra til å reisa med desse båtane til gudstenesta på Osterøy. Dei fleste gudstenestene elles i prostiet vert avlyste denne dagen, med unnatak av Åsane og Arna kyrkjer.

Og det er god grunn til å setje av denne dagen til ei kyrkjeferd i gamal stil, gjerne iførd tidsrette klede. Ifølgje dagleg leiar i stiftinga Kystsogevekene, Kjell Magnus Økland, bør du også få med deg den offisielle opninga av Kystsogevekene på Bryggen i Bergen dagen før, som blir ein gedigen folkefest.

– Dette blir truleg den største utandørs hendinga i Bergen i 2018, med mindre Brann vinn serien, seier han.

Opninga blir halden saman med den fire dagar lange veteranbåtfesten Fjordsteam, som byrjar torsdagen og avsluttar søndagen, medan Kystsogevekene vil halde det gåande med ei rekke arrangement like fram til 16. september.

## FEIRING AV KYSTKULTUREN

Den sjøveis kyrkjereisa blir nok uansett eit av høgdepunkta under den halvannan månad lange feiringa av kystkulturen. At nettopp Hamre kyrkje blei vald ut, er ikkje tilfeldig. Ifølgje Digitalt Museum var Hamre prestegjeld, eller Hamarr, like frå mellomalderen eitt av dei største på Vestlandet, og strekte seg frå Sandviken ved Bergen og heilt til Modalen og Eksingedalen.

- Eg skjønar litt kvifor, seier Økland.
- Når du tenkjer på sjøveien, så ligg Hamre kyrkje super-sentralt til på eit hjørne av Osterøy, like ved der Osterfjorden, Sørfjorden, Byfjorden og Radfjorden frå nord møtes som i ein kross.

Den noverande Hamre kyrkje blei antakeleg bygd i 1622 (altertavla har inskripsjonen 1622), og har dermed stått i snart 400 år. Det største jubileet blir likevel i 2024, då det kan markerast at det er 1000 år sidan Mostratinget vedtok at Hamre skulle vere hovudkyrkje for heile Norhordland.

– Du får eit viss historisk sus over deg når du vitjar kyrkjebygninga med så lang historie, seier Økland, som lover at det vil bli sett av tid både til musikk og omvisning under arrangementet, før veteranbåtar returnerar til byen kl. 13.00.

På vegen tilbake vil dei tre båtane treffen andre veteranbåter nord i Byfjorden, som dei så vil kappkjøre med inn mot byen.

– Blei kyrkjegjengarane frakta i så store båtar i gamal tid?

– Nei, det vanlege i gamal tid var at det vart nytta robåtar.

– Kva er drivkrafta bak eit slikt arrangement?

– Poenget vårt er å få fram kvifor kyrkja blei plassert der ho er, og å visa at sjøen var den viktigaste ferdelsvegen i gamal tid. Så det er litt i folkeopplysningsas teneste. Samstundes trur eg at det vil ei fin oppleveling for alle, og noko me kan gjere fleire gongar.

## FLEIRE KYRKJEREISER

Faktisk vil det by seg fleire høve allereie under årets vidare markering av Kystsogevekene.

– Me håpar å få til sjøveis kyrkjereiser på alle dei sju søndagane som er innanfor festivalen. Avtale er allereie gjort med Herdla kyrkje, der blir det sett opp rute med veteranbåten Vestgar frå Kystmuseet i Øygarden og Vikebø til Herdla søndag 2. september. Eg håpar at ideen kan spreie seg; at folk tenkjer «dette kunne vore gjort i vår kyrkje». Det einaste kravet me stiller, er at kyrkja må vere plassert i nærleik av fjorden.

Han trur at dette er eit konsept som Kystsogevekene kan byggja vidare på, med nye kyrkjer og nye opplevelingar for kvart år. Samstundes kan ein brukha høvet til å fortelja den einskilde kyrkjas historie.

– Eg og Ragna Sofie Grung-Moe ved Bjørgvin bispedømmekontor hadde ideen. Me har oppmoda Hamre om å ta i bruk lokalavisa; skriv at det er noko ekstra som skjer, og gjerne få fram litt av Hamrekyrkjas lange historie.

– Det gjeld vel også for Herdla kyrkje?

– Ja, og historien der fortunar verkeleg å bli fortalt.



**SER FRAM TIL OPNINGSFESTEN:** – Kystsogevekenes openingsfest blir truleg den største utandørs hendinga i Bergen i 2018, med mindre Brann vinn serien, seier Kjell Magnus Økland. (Foto: Magne Fonn Hafskor)

## Fakta

### Kystsogevekene

- Kystsogevekene er samling av kulturarrangement i Hordaland og Gulen som har vore arrangert årleg sidan oppstarten i 1997.
- Alle arrangementa under denne paraplyen finn stad tidleg på hausten, og vert organisert av Stiftinga Kystsogevekene – med Hordaland fylkeskommune som den viktigaste økonomiske bidragsyturen.
- Dei siste åra har det vore 150-200 arrangement i dei 22 vestlandskommunane som er med i mørnstringa: Sveio, Bømlo, Kvinnherad, Stord, Fitjar, Tysnes, Austevoll, Os, Fusa, Bergen, Sund, Fjell, Øygarden, Askøy, Osterøy, Meland, Lindås, Masfjorden, Radøy, Fedje, Austrheim og Gulen.
- Formålet er å skape kultur- og reiselivsopplevelingar og å styrke identiteten i kystdistrikta. Auka trivsel, vekst og nye arbeidsplassar er andre viktige målsettingar.
- Stiftinga Kystsogevekene har sitt utspring i prosjektet Kulturformidlinga Håkon den gode, som starta med Håkonarspela – skrive av Tysnes-forfattaren Johannes Heggland (1919-2008).
- Initiativtaker og daglig leiar av Kystsogevekene gjennom ei årrekke var Ragnhild Randal.
- Noverande dagleg leiar er Kjell Magnus Økland, som opphavleg er frå Tysnes, som i 2016 gav ut boka «Oselvar – den levande båten». Han har kontor i Wigandgården like ved Fylkesbygget.
- Meir informasjon: [www.kystsogevekene.no](http://www.kystsogevekene.no)

Denne kyrkja blei riven etter å ha blitt stormskada i 1861. Ved gjenoppbygginga to år seinare var det krav om at den nye kyrkja måtte utvidast, og kvar av bøndene blei pålagd å bidra med eitt mål brotstein. Denne forteljinga skal gjenkopast i Herdlevågen like etter gudstenesta 2. september. Det vil då kome fem robåtar lasta med stein, som så vil bli lasta over på ei vogn og trukke av hest fram til kyrkja.

– Me tenkte at steinen kan brukast til å laga noko; og få fram korleis folk har slite for å få bygd kyrkjene våre. Eg er viss på at det finst mange liknande historiar; det gjeld berre å få dei fram.

## AVSLUTTAR MED SEGLSKUTEFEST

Kystsogevekene varer som nemnd i sju veker, frå laurdag 4. august til søndag 16. september, med ei rekke ulike aktivitetar i 22 kommunar – frå Gulen i nord til Sveio i sør. Årets avslutning blir med ein eigen tre dagars seglskutefest i Rosendal.

– Mange litt mindre skøyter og skuter med seg er allereie påmeld, seier Økland, og fortel at ideen oppstod spontant i fjor, i og med markeringa av at det var 140 år sidan galeasen Loyal blei bygd i Rosendal av Knut Johannesen Nes.



**EIT GAMALT HUS:** Den noverande Hamre kyrkje blei antakeleg bygd i 1622 (alertytta har inskripsjonen 1622), og har dermed stått i snart 400 år. Det største jubileet blir likevel i 2024, då det kan markeras at det er 1000 år sidan Mostratinget vedtok at Hamre skulle vere hovudkyrkje for heile Nordhordland. (Foto: Edvin Bratli)



**OSELVARAR OG OPTIMIST-JOLLE:** Folkeakademiet i Sund og Sund Kystlag er sentrale arrangørar for Trellevikstemetnet, som er ein del av Kystsogevekene – med arrangement både på land og sjø. (Foto: Kjell Magnus Økland)



**SKULEDAG PÅ SJØEN:** Skuleelevar frå Nordhordland fekk i fjar fekk ein heil skuledag om bord i Brørvikskuto, som er ein kopi av ei gammal ostraskute brukt til å frakte ved for salg frå Bolstad og Stamnes og inn til byen. (Foto: Kjell Magnus Økland)



**REGATTA I HJELTEFJORDEN:** Starten på Hauststormseilasen til Fedje går også i år på Herdlaflaket i Hjeltefjorden. (Foto: Kjell Magnus Økland)

Dette var same mann som bygde hardangerjakta Gjøa; båten som Roald Amundsen brukte under reisa gjennom Nordvestpassasjen. Loyal har vore omfattande restaurert i seinare år, og var frå 1997 i bruk som turist- og opplevelsbåt med base i Bergen og Forlandsvåg, før den blei seld til Florø i 2015. Entusiastar i Rosendal restaurerer no ei anna skute, Gurine, som dei håpar å ha klar til sjøsetting til neste år.

– Dette er eit stort prosjekt som dei har arbeidd med i 6-7 år. Eg trur dei har lagt ned nærare 35.000 dugnadstimar så langt. Dei som gjer det, er ein god gjeng med stort pågangs- mot.

– Det er vel ord som kan passa på deg og Kystsogevekene også. Kvifor gjer du dette?

– Det er eit stort spørsmål. Eg kan svare med å sei at sjøen alltid har vore en uhyre sentral del av det å vere vestlending. Du kan få eit viktig sitat – som er at dei norske tradisjonsbåtane har vore forutsetninga for å kunne busetje seg langs norskekysten. Ein bålaus mann er bunden til landet.

Gjennom dei siste 50-60 åra har dette endra seg dramatisk, ved at veggen på land heller enn sjøen er blitt reisemåten. Historisk sett er dette ei svært gjennomgripande endring.

– Thor Heyerdahl var oppteken av at folk heiste segl før dei sala hest. 90 prosent av verdas varetransport skjer framleis på sjøen og havet. Så det eg tenkjer, er at det er viktig å lage arrangement som får fram sjøens betydning – både tradisjonsnelt og framover. Eg trur nok at ein god del av framtida her på Vestlandet også vil vera avhengig av marine næringar.

## Innsamling av klær, sko og sengetøy til Ukraina

v/Tro-Håp-Kjærighet

Første og siste lørdag i mnd. kl. 12-14.00  
v/Lærerhøyskolen på Breistein,  
Olav Bjordalsvei 43

Pakkes i sekker - kr. 50.- pr. sekke

Kontaktperson: 99 64 24 70

[www.thk.no](http://www.thk.no)

# Bjørgvin bispedøme 950 år

Sundag 8. juli feirar Bjørgvin bispedøme 950 år med ei festgudsteneste på Selja kloster. H.M. Dronning Sonja vil vera til stades.



Selja kloster sett frå Sunnivahola (foto: Kari S. Muri)



Hennar Majestet Dronninga  
(foto: J. Gomnæs / Det Kongelige Hoff)



Biskop Halvor Nordhaug (foto: Jostein Risa)

TEKST: JENS MEYER • FOTO: KARI S. MURI

Festgudstenesta, Seljumannamessa, tek til kl. 11.30, og blir leia av biskop Halvor Nordhaug, som også vil preika. Andre medverkande er mellom andre biskop Bernt Eidsvig i Den katolske kyrkja og Bergen domkor, saman med eit prosjektkor frå heile bispedømet.

## Frå Selja til Bjørgvin

Omlag 1068 e. Kr. oppretta Olav Kyrre eit vestnorsk bispedøme med bispesete på øya Selja i Selje kommune. Dei heilage frå Selja var så viktige for den unge kyrkja i Noreg at Selja var blitt det første kraftsenteret i norsk kyrkjehistorie. Bjørgvin bispedøme dekkjer i dag heile Hordaland og Sogn og Fjordane, med 182 sokn i 59 kommunar. Kyrkja i Bjørgvin samlar også i vår tid menneske i alle bygder og byar i glede og

sorg, i helg og kvardag for å møta kvarandre og æra Den treeinige Gud.

## Kongeleg besøk

I 1968 besøkte dåverande Kong Olav og Kronprins Harald med Sonja Haraldsen Selja i samband med 900 års-jubileet for Bjørgvin bispedøme. Dette var eit av dei første offisielle programma for det nyforlova kronprinsparet. I år vil H.M. Dronning Sonja vitje Selja att i samband med 950 års-jubileet. Fyrste båt frå Selje til øya Selja startar kl. 09.30. Siste båt går kl. 10.30 frå Selje sentrum. Ver tidleg ute.

*For meir informasjon om båtavgang, overnatting, kulturarrangement og billettar, sjå kyrkja.no/bjorgvin*

## Kystpilegrimsleia opnar

I juni opnast Kystpilegrimsleia, mellom-alderen si seglingslei langs kysten.

Opninga vert markert ved at tradisjonsbåten R/S Risør II seglar frå Egersund i sør til Nidaros i nord. Undervegs blir det markeringar fleire stader.

Riksantikvaren, fylkeskommunar og fire bispedøme har stått saman i arbeidet med leia, som no er godkjend som nasjonal pilegrimsveg og del av dei europeiske kulturvegane. Alle interesserte, kystfolk, kyrkjefolk og alt godtfolk er inviterte til å delta på den

store festen langs den vakre Vestlands-kysten.

### Eigne markeringar:

- Moster: tirsdag 5. juni kl. 10.00
- Halsnøy Kloster: onsdag 6. juni kl. 17:30
- Bergen: laurdag 9. juni kl. 11.00
- Kinn / Kinnaspelet: laurdag 16. juni kl. 16:30
- Selja Kloster: sundag 8. juli kl. 11:30

Kontakt: Kulturrådgjevar i Bjørgvin bispedøme, Ragna Sofie Grung Moe (E: rm548@kyrkja.no / M: 95277371)



**PÅ PILEGRIMSFERD:** R/S Risør II, ei restaurert Colin Archer redningsskøyte, skal ta pilegrimar med langs kystpilegrimsleia. (Foto: Heidi Thöni Sletten)



## Aladdins hule i Åsane

**«FRETEX-FAMILIEN»:** Noen av de glade hjelperne på Fretex Åsane. Fra venstre: Anita, Gjermund, Madelèn, Ima, Adela, Per Christian og Nina.

«Let, så skal dere finne» (Matt. 7:7) står det på inngangsdøren. Det har nok i årenes løp vært mange som har funnet både ting og annet på Fretex; noen minutters pause i en heseblesende hverdag, vennlige mennesker, et smil – eller en koselig kommentar.

TEKST OG FOTO: THRUDE DEISZ

Fretex er et godt sted å komme til. Her kan man treffen alle slags folk, både innen- og utenfor disken, eller du kan dumpe over gamle kollegaer du ikke har sett på evigheter.

De som jobber her virker som en mangfoldig – men vel-fungerende – familie, som tannhjul i et velsmurt maskineri. Selve butikken er en slags Aladdins hule, og et sted man kan finne roen.

Mitt første møte med Frelsesarmeene var på Torg-allmenningen, ved den enorme julegranen som ble tent første søndag i advent hos Slumsøstrene.

Der kunne vi levere pakker og putte penger i en gryte som disse bedårende damene i mørkeblå uniform og kysehatt skulle gi til dem som «ikke var så heldige som vi». Det skumret, og Frelsesarmeens orkester spilte på skinnende messinginstrumenter, mens det duftet deilig fra det lysende treet – der var en stemning jeg aldri kommer til å glemme. Og gryten, den hang i stativet sitt hele døgnet; jeg tror aldri noen forsynte seg, for alle hadde respekt for Frelsesarmeene. Det har jeg fremdeles, og jeg er en hyppig gjest i butikkene deres.

### Norges beste Fretex

– Folk i Frelsesarmeene er bare fantastiske, sier Kari Trefall, veteranen som begynte i Fretex på Unneland for 35 år siden.

Jobben var delt mellom sortering på lageret og å stå i butikken. Hun trivdes, og da stillingen som arbeidsleder ble utlyst, søkte hun og fikk den. Hun var med på å starte Fretex i Åsane, og forteller at både «menige» og «befal» i Frelsesarmeene bidro da lokalene ble renoveret. De vasket og snekret og malte til langt på natt. Hyller og stativer fikk de fra naboen Sparkjøp.

Fretex i Åsane åpnet på valgdagen 11. september 1988.  
– Denne butikken ble for øvrig utnevnt til Norges beste Fretex-forretning i 2014, som var det siste året Eirik Mork var butikkleder der forteller Kari.

– Det var andre tider. Vi fikk jo ting da og, men i mye mindre målestokk, for folk skiftet ikke stadig til nytt. Vi hadde ikke mye varer, og forsøkte å spre det lille som fantes så godt vi kunne i de svære lokalene.

Kari, som fortsatt jobber fast deltid, har alltid likt gamle ting, og forteller fornøyd om et av barnebarna som sier at «vi må ikke hive, sett det i boden, vi vet aldri når vi får bruk for det». Ingen dum innstilling i vår bruk og kast-tid. Et annet barnebarn, som jobber sporadisk hos Fretex når han ikke er på skolen, snakker varmt om alle de greie og hjelpsomme folkene han treffer her.

### Alle behandles likt

Nåværende butikkleder, Per Christian Mehl, søker stillingen fordi han liker å drive butikk, men ikke ville ha en A4-jobb.

– Jeg ønsket noe som rettet seg mot det miljøvennlige, og hadde en sosial profil – der jeg kanskje kunne få muligheter til å gi folk en hjelpende hånd, sier han.

Han fremholder at selskapet fortsatt, etter omleggingen i år, eies av Frelesesarmeen, og skal drives i overenstemmelse med det verdigrummlag de alltid har hatt: Åpenhet, kjærlighet, engasjement og lønnsomhet, og at det ikke på noe vis gjøres forskjell eller finner sted noen form for diskriminering.

Mange ansatte har kommet inn på arbeidstiltak via NAV. Med litt bistand fra omsorgsfulle kolleger blir nybegynnerne snart en del av fellesskapet, de trør til der det trengs – og vokser med oppgavene, opplever mestring.

Det virker som om alle får mulighet til å «realisere seg selv», bidra med nye ideer, komme med forslag til forbedringer, bryne seg. Så får de kanskje etter hvert sitt eget «domene», kan koncentrere seg mest om ting som de har særlig interesse for. Det er en livlig gjeng – med en god tone og mye leven og latter – som også kundene nyter godt av.

### Spisebord ble sengebunn

Ima er forkortelse for Immaculata. Hun er fra Sri Lanka og kom til Norge i 1986. Via andre jobber landet hun her. Hun er nå fast ansatt, og har – bokstavelig talt – havnet på sin rette hylle. Hun har kunstnerisk sans, og er flink til å stille ting sammen etter form og farge så de kommer best mulig til sin rett.

– Jeg prøver å gjøre slik at noen skal få lyst til å kjøpe det, sier Ima fornøyd.

– Men det hender at andre ser på ting, og ikke setter det tilbake der jeg har satt det.

– Blir du ikke litt irritert da?

– Nei, jeg er kristen, og da skal vi ikke gå og irritere oss over andre, men tenke at du er annerledes enn jeg; vi er forskjellige personer. Så det går bra, nikker Ima, og smiler.

Terje er en av veteranene, og hjelpsomheten selv. Han har sans for kvalitet og godt håndverk, og er den det ropes på når det gjelder møbler. Tidligere var han ansatt på snekkerverkstedet i underetasjen.

– Der laget vi alt mulig; gjerne på bestilling – etter ønsker og mål: bord, stoler, hyller og vugger; og alt ble laget av gjenbruksmaterialer; mange babyer har nok sovet godt på det som før var spisebord, sier Terje lunt.

### «Han med bøkene»

Gjermund er filosof med sosialantropologi i bunnen, og har tidligere blant annet jobbet på Norli. På Fretex tar han hånd om avdelingen for bøker og annet lesestoff, nitid sortert i kategorier som gjør det enkelt å finne det du er interessert i. Med litt hell kan du komme over førsteutgaver i skinn, og du kan finne pocketutgaver av fjorårets bestselgere – billigere enn et ukeblad! Barna kan fråtse i både ny og eldre barne-litteratur – uten å ruinere noen.

Kort sagt: Fretex er en sann «gullgruve». Det er ikke få som forlater forretningen med stjerner i blikket og nyervervede skatter i armene.

Adela er fra Sibiu i Romania. Faren hentet moren og de to barna til Bergen da Adela var 14 år. Det var ikke så greit i begynnelsen, ingen venner og nytt språk. Men så gikk det seg



**PÅ RETT HYLLE:** Ima har kunstnerisk sans, og er flink til å stille ting sammen etter form og farge så de kommer best mulig til sin rett.



**DELTID PÅ FRETEX:** Kari Trefall sammen med barnebarnet Vegar – som jobber sporadisk hos Fretex når han ikke er på skolen.



**GLAD I GJENBRUK:** Moteinteresserte Adela søkte flere ganger før hun fikk begynne på Fretex.

til. Først Nygård skole – så videregående. Hun er opptatt av «sanne klær som ikke henger på alle – gjerne gjenbruk», så hun stakk rett og slett innom Fretex, søkte jobb, og fikk avslag noen ganger før hun ble ansatt. Her er hun i sitt rette element, og forteller at når hun en måned i året er på ferie i hjemlandet, oppsøker hun alltid gjenbruksbutikker der også.

Det har vært en hektisk morgen.

– Ikke uvanlig det, sier Per Christian, som slapper av et øyeblink etter at de har jobbet intenst med å fylle den store lastebilen som skal til Kokstad, samlingssentralen for alt som blir levert i de forskjellige Fretex-butikkene, og sorteres før det fordeles til samtlige utsalg i hele landet.

